Emo Nr. 545 — 1 = 96 bl. lin.

# Sletteb́ó gard frå 1800 - 1908.

Nokre spreidde minne om tilhøva i hundrad-året med umsyn til brukarar m. v., gards-drift, naboforhold, vegar o. a. soleis som eg minnest og som eg har lese om i gamle dokumenter og likeeins det som min bestefar Jonas Sigmundson Slettebó f. 1811 har fortalt.

Eg har ingen Kladd laga, så det som eg skriv vert no ikkje ordna som det skulle vore, men det er

ikkje laga for andre
enn familien om
nokon i ei ledig stund
vil sjå noko um tilhøve
for dei som levde på
garen for eit hundrad år
eller velså det sidan.
Eg tek til med bruka-
rane på garden i 1800.
Der var då 4 like store
bruk. 12 spanns gardar.
1 Henrik Larsen. Bruget
vart seinare i 30 åra
seld til en Kjøpmann
Krog frå Eigersund og Lars
Henriksen som då åtte
garden kjøpte att gard
på Oksnabø. Krog selde
til sorenskrivar Feyer

2 Mikal Hansen. Sonen Hans Mikalsen vart eigar av bruget i 1810 og denne slekt har vore på garden i fleire hundrad år

3 Sigmund Jonsen. Han fekk skjøyte i 1791 av faren Jon Olsen som hadde kjøpt garden 1783

4 Marta Torsteinsdtr. Ho gverlot bruket i 1810 til sonen Torstein Amundsen

I odelsmanntallet 1805 er foranneviste eigarar med undtak av no 4 der sonen, Torstein Amundson er opført som eigar

I manntallet 1801 er opført Kristi Hansdtr Holan Husmandsbruk på Mikal

Hansens bruk.

I sjelemanntallet 1758 er en husmann Rasmund og pike Gjuri innført Det vites ikke med sikkerhed hvor disse var; men det er truleg at han var husmann på Lagård då der dette år ikke vites om nogen andre husmansplasse på Slettebø „Plassen Lagård" som som den kalles i kjøpebrevet frå Vilhelm Bø vart kjøpt av Simund Andersen 1870

Unner utskoftningen i 1845 var følgende eiers:

1 Sorenskriver Feyer (nevnt side 2)
2 Jonas Sigmundson
3 Mikal Hansen

4 Omund Torsteinson
Eigarar 1865
1 Vilhelm Bó. Han var Kjøpmann i Eigersund og som gardsstyrar hadde han Abraham Nilson frå Figved i Høyland (Bürdelev)
2 Jonas Sigmundson som hadde teke yver farens brük
3 Mikeal Hansen som seinare delte brüket sitt mellom sönene sine Ola og Gustav Mikalsönn
4. Ane Bertea Andersdtr. som hadde kjöpt av Om. Torsteinson.

Utskiftningen omfatted ikkje strikningen frå Holand til skyltet med Eie (Bekken frå Langevand,

og lodeigarane hadde framleis sine gamle utslåtteteigar som dei nå selde frå garane sine:
Jonas Sigmundson selde Kvednateigen med fleire teigar i 1857 (skyldsett 1857), til Anders Eage som var gift gift med yngste syster hans og dei vart bureisarar i Eigebakken. Anders Eikje selde seinare Kvednateigen til consul T. H. Runtervold som bygde villaen som nå stend på bruket.
Kristoffer Nilson kjøpte Holand, fyrr husmann, av Mikal Hansen som og avhende Solheim til Nils Nilsen

Jonas Nordås hadde kjøpt
en teig nedanfyr Eigebakka
og huset som han førde
opp stod rett der jarnbanen
no går og det vart revet ned
då Flekk.-fjordbana vart bygd.
I 1870 og åra etter
skifta fleire av bruka eigar.
Jonas Sigmundson sit bruk
vart yverteke av sonen
Simon Jonasen som etter
nokre år selde til sin yngre
bror sin Omund Jonasen.
Mikal Hansen delte garden
sin mellom dei to sønene
sine Ola som var lærar
og Gustav. Sistnevnte bygde
nye hus på garden sin.
Ane Bertea yverlot
bruket sitt til sonen

Ole Andreas Pedersen.

Frå gamalt var, som i fyrstningen skreiv, brüka lige store og når noko skülle deles t. d. torvskiv, fiske o. l. fekk kvar sin fjerdepart. Etter ütskift-ningen, då Omünd Torsteinson fekk sitt brük ütlakt i 2 parsellar en i kvar ende på garden selde han til sorenskrivar Feyer den halvpart som han fekk ütlakt ved sia av soren skriverens brük og då Mikalsbrüket vart delt i 2 vart forhollet at V. Bö. i garden eig 3/8 Omünd Jonasen " 2/8 Ole Mikalsen, Gustav

Mikalsen og Ole H. Pedersen
kvar ein 1/8 av garden.
I bygdeboka for Eigersund
herad stend ümner omtalen
av Slettebö at der i 1906 var
iallt 28 brük og dei största
brükarar då var:
Kjöpmann V. Bö, Hans
Omundsen, Gustav Mikalsen,
Ole Mikalson og Ole H.
Pedersen. Vidare nevnes:
Anton Bochmann, Anders
Andersen, Bernhard Oksnevad,
Simonsen Andersen, T. H.
Runkervold og Thedór Asbjörnsen
De sidstnevnte brük + fler
mindre er solgt av garden
sine ütslåtter og de har
ingen av garden sine her
ligheter bergverk, fiskeri o.l.

Leilending Anders Anbjørnsen Store Ege kom til Slettebö i 1865 og fekk arbeide hjå V. Böe. Han fekk av Jonas Slettebö forpakta et jordstykke og på dette bygde han et lite hus, dyrka opp stykket soleis at han i 80 åron kunne vinterfö ei Ku.
Han arbeide, som ovanfor sakt, hjå Bö om sommaren frå Kl 6 morgon til Kl. 7 om kvelden, om vinteren frå Kl. 7 til Kl. 6 om kvelden og betalingen var 80 öre dagen på eigen Kost. Han hadde Kona Johanna som var frå Kvinnesdal og 4 born.
Nedskrivaren hervaa minnes

at Johanna i 1885 var på Slettebö för å låna 3 tjüg med Kaffi. Ho fekk 3 tjüg med baunor og då ho kom atende med baunorne var dei optalde. Han döyde nokre år fyrr århundraskiftet og plassen faldt da tilbars til eigaren.

Eit lite ütmarkstykke ved sia av Anders sin leig bykslet lærar Ole Assersen Sannvarnes. Han var ikke gift og döyde 1885 Endu ein hüsmann fekk byksla et mindre stykke av Mikal Hansen. Han heite Tönnes Matiasen Rigmo Han reiste frå familien

og over til Amerika og Kona flytte til byen. Tönnes hadde „haraskogg" og når han sa noko vart det lite sjöseleg „Når eg får lefsa og kaka som hü Vålia he bakt så kan eg sia lenge" er ei herma etter han.
Kona heite Amalia.
På side 7 nevnte eg Jonas Norås som hadde hus og et lite jordstykke nedanfor Eigibakken han döyde för tellingen 1865 og en tilreisende, Bernt Eide brükte dette stykke i nokre år til huset vart solgt. Bernt, som var en stor og röslig mann gjekk mest ünner nabnet „Greven"
Han hadde ei vaksen

dotter som heite Lovisa Bentine Semine Agelia, ei stor kraftig fyrkjä som nok vog adskillig over 100 kg.

Ingen av brukarane på Skrtebö var leiglendingar såvitt eg har kunnet sjå i den tidsbolken eg skriv om.
Leiglendingens kår var ikkje dårlege. Dei sat trygt når dei betalte dei avgifter som var fastsette for bruken av garden og som hadde rett å å halda fram når faren vart gamal og måtte slutte å driva garden.

Fullgardar, Halvgardar og Ødegardar.
I 1631 er der 12 full gardar i heradet!
Slettebø er opskreve som fullgard og der må då truleg berre vore 4 bruk avdi gardar på ùnna to laupar smørskyld vart rekna som halvgardar
I 11te og 12te århundra var målestaven for gardane „månadsmatabol".
Ein gard på 1. d. 6 matabol gjek ein ut frå kunne fø ein huslyd i 6 månader.
Seinare vart skattegrunnlaget brigda soleis at dei svara skattane med dei

varen som landsluten hadde lestast for å skaffa t. d. smör, laks, huder og skinn m. v.
For Slettebö vedkomande vart det laks. (lugg) Laks var her så rikeleg av at det hende at tenarar, nar dei feste seg, tok atterhald om at dei ville ikkje ha laks til middag meir enn to dagar i veka.
I 1845 då utskiftningen var halden var skylden skylddaler, ort og skilling, og i 1865 vart ho brigda til mark og öre som no.
Ein av brukarane på Slettebö eller rettare to bror Hans og Gullik Nilsen i 1624 som dreiv garden ilag

åtte i Tengs 1 löb smör, i Tengesdal 1½ löb smör, i Ramsland ½ löb smör, i Backe 3 spand Korn, i Lomeland 1 fåresteim, i Omdal 1 orf i pengar i Heigrestad ½ wett Korn i Braastrag 1½ spand Korn i Hovland 4½ spand Korn og ½ löb smör i Nordberg 14½ spand Korn.

Dette som döme på kor mange målar gardarne var verdsette på.

1 löb smör 3 bismarpund = 18 Kg. 1 bismarpund smör = 24 mark. 1 våg fisk 3 bismarpund, 1 pund Korn (storpund 18 spand 1 spand Korn 36 mark (merker. 1 Td. bygg 10 spand. 1 Td havre 8 spand

Gydegardar på Slettebö har eg ikkje funne noke skreve buo men unner Nokåsen på ei noksä flat lita sletta står tydeleg restar etter husebygning og likeeins en mindre gravhaug.
I Kjarjanesel (nå granskog) ihopdregne steinröysar og likisä i Kleivabakken på öystra sida. Hus på dessa to plasser ser ein ikkje restar av; men på båe plasser er hellarar som nok kan ha vore tilhalds plass for folk.
Kva garden derborte kan ha heit veit en ikkje.
Eg har lippå på Vådla då vart over ano heiler

Vadlavaet. Der den gamle
ridevegen til Pigreid gjeng
over åen lenger oppe
heiter det Pigreidsvaet.
Etter svartedauen i 1349
har truleg ikkje folk vore
busette her.

# Vegar.

Postvegen, som den kallast vart omlakt i 1840 - 50 åra og den var fyr omlægningen högare oppe ünner bakkefoten Stovehüsa låg på kvar sida av vegen og uthüsa låg spreid mest på øystre sida.
Jarnbana som seinare vart bygd gjekk yver vegen der ünnergangen no er og den fortsatte i nokså bein lina over Knarråkeren nedanfor museets vokterbüstad til Holand Eigebakken over Kleiva ovan fyr Solkrogen og over bekkjen frå Langevatnet som er skiftet mellom Eie og Slettebø ~~og til Hestavart kor ei Steinbru seinare vart bygd.~~

over Bodomstykket til ei trebru yver elva.
En eldre veg nærast ride- og sleaveg låg tidlegare högare oppe i bakkane frå fyrnemnde jarnbaneunnugang og kom ned i Lagårdskogen og vidare til Hestavadet kor Hestavabrua seinare vart bygd.
Ved Hestavadet var ikkje nokon bru men hest og ryttar eller klöv vadde over elva. Ved hög vandstann i flaumar etter mykje regn hell snö-bråe når det ikkje let seg gjera å va over måtte folk ovanfrå som akta seg til Stronna låna seg båt på Slettebö og koma seg över til Mjölhus og så fara

byvegen deira som gjek ut
Dalen og om Veshovda og
Sandbakkane og til Stronno.
Vart ein bonde spurt om
korleis han hadde kome
fram til byen når fram-
komsten var så mannsleg
var svaret at dei hadde
faret vegen om Veshovda.
Dette ordtöket helt seg i
lang tid når ein ville
seia at ein hadde gjengje
ein stor krog og på den
måte gjort vegen lenger.
Min bestefar som var föd
i 1811 fortalde at eit brura-
fylgje måtte eingong fara
vegen om Veshovda og
stört dei la ut fra vart
sidan kalla brurastöet.

Vegstubben frå postvegen
og ned til åno var ikkje
bygd fyrr omlag 1800 åra.
Mjølhusgardane Slethei og
Tjervald var sóleg godt
hjelpte med ferjene sine
som var so store at hest
og kjerre kunne tas i
ei vending men var det
meinis uvêr fyrr isen
var sterk nok eller nar
han tødde opp var dei
avstengde.
Dei sokte då bygdastyre
om pengar til å leggja
veg på Mjølhussia av
åno om Haskaringe og
til byen. Dei fikk stud
nad til dette og vegen
vart fardig omlag 1880.

Vegen var ring og vedlike-
haldet heller ikkje godt
så det var ikkje mange
år etter fyrr dei byrja
snakka om brū over åno.
Med stödnad av heradet
og noko private tilskot
som vart innsamla gjek
dei 3 gardane ilag og brū
vart det. Materialer hogg
dei noko i eigen skog
men det meste var plank
og stok av seilskūtar
som då vart ophogde då
seilskūter ikkje lenger
kūnne tevla med eimbåtar.
Noko som gjorde det heilt
naūdsynt med brū var
skūlen. Dei 3 gardane
hadde hatt skūle i leiga

skulestova på Mjølhus;
men etter Kins-likskipnga
no skulle dei gå til Slettebø
der eit skulehus vart opp-
førd som var flytt frå Skåra
Nabogarden Øgreid fekk
og Kjørbar veg i 1880 åran.
Den gamle rideveg til
Øigreid gjik frå postvegen
umlag eitpar hundre m.
frå den store stein „Gjest-
gjevaren" som den vart kalla
over åno ved Øigreidsvatt,
på skrå oppetter bakken til
Eigåsen. Vidare over Nokåsen
i Reiveiskaret langs nord-
sida av Søkkjemyra og
vidare til Øigreid.
Ein gamal sledaveg
frå vigjo i Tokkamdsvatnet

og til postvegen vart brukt
om vinteren når isen
på Fotlandsvatnet var sikker
til tømmerkjøring frå
Malmunskogen i Bjerkreim
og til verftet „Bråbenken"
i Eigersund der seilskuter
som om vinteren låg for-
toid i pælene på hamnen
vart etterseed og vølt.
Etter segnet har der på
Knarråkeren i eldre tid
vore bygd mindre båtar
„Knarrer" og til bygning av
disse har tilfanget truleg
vore hogd på Malmeid.
Store lass kunne kjøres når
isleia frå Tengesdal og
til Vigjo var farendes om
vinteren når vatnet var til-
frosst.

# Skuleforholdene.

Ved ei krinsskipnad i heradet i 1890 åra vart der på Slettebö oppförd skulehus som ~~som~~ vart flytt frå Skåra. Slettebö hadde fyrr gjenge til Eie der det var skulehus.
Slettebö krins vart då gardane Slettebö, Mjölhus, Slethei Tjervald, Øgreid, Svinland og Kjelland Mjolhus, Slethei og Tjervald hadde fyrr hatt skule i leigd stova på Mjölhus
Ei lita hending i skulestova lyt eg skriva ned.
Læraren, Ole M. Slettebö vart frå sin plass i skulestova var at ein av guttarne Mikal T. hade gjort helt

om og sat med ryggen mot læraren. Han gikk ned til guten for å høyra kafor han sat på den måten.

Mikal gav grei beskjed.
„Der krabb ei lus ned frå ryggen av Nikolai som sit foran meg og ned på golvet og no er ho ūnner pulten bak meg der han sit han Mikal hans farbror." Læraren måtte smile og det vart ingen revselse av syndaren.

Eg som skriv dette gjekk 5 år av skuletia på Reie og dei siste to åra på Stettebö. På Reie likte eg meg mykje betre enn eg gjorde på Stettebö.

Det var gutar og jentor frå Svindland og Øyreid som det vart noko vondt å koma på bølgelengd med.
Slettebøkrinsen vart avskipa i 1960 då heradstyret vedtok å centralisera skulen og borna går no til storskulen på Lagård.
I framtida trur eg knapt at krinsen vil verta fornøid med stoda og eg meinar det hadde vore betre om krinsen hadde behaldt småskulen i skulehuset på Slettebø.

Lærarar.

Dei eldste skuleprotokollar er inkje å finna og dei fyste lærarane utan utdaning på lærarskule held

seminar i den tia då det
berre var omgangsskūle i
heradet kan eg soleis
ikkje skriva noko om.
Den seinste læraren ūtan
lærarskūle var Ole Assersen
Sannarnes som slutta i 1870
og både mor og far hadde
han til lærar. Han bykslа
eit jordstykke av bestefar
min og bodde her til sine
siste leveår og dyrka og
rūdde noko av jorda.
Han døydе i åra omlag 1885
Den som kom etter Ola
Sannarnes var Ole M. Slettebø
frå 1877. Han var, som fleire
lærarar i heradet, ūtdana
ved ein lærarskūle i Egersund
og var dei fyrste åra lærar

i Eie krins og på Mjølhus
Etter krinsskipnaden i 1890
var han lærar i Haustad
dalen og Slettebø storskule
og var annenkvar dag på
kvar skulestad.
Då han skulte på Eie
og Mjølhus var det udelt
skule 3 veker i ein træke
kvar dag. Ring skuleskipnad
Ole Mikalsen var ein mykje
vyrd mann og vart halden
for ein god lærar etter
den utdaning han hadde.
Her har vore fleire lærarar
og lærarinnor i krinsen
etter at Ole Mikalsen slutta
av men ein vil i skule-
styret sine møtebøker finna
nabnene deirar so eg gjeng
dei forbi.

Frå 1860–80 åra byrja det ein kallar pengehushald i motsetnad til natural-hushald. Til den tia hadde bonden livt av det som garden kunne skaffa mjølk, kjøtt o.a og berre kjøpt det nødvendigste då pengane var få.
Det gjek på et vis å få skrapt ihop det som trongs til skattar og avgifter m.v. og levemåten var tåleg god. Det var smøret ein selde, noko slakt o.a. som gav penge. Sko vart sydd heime av hud som ein hadde garva og skomageren gjek rundt på gardane og laka nye skor og vølte gamalt, som var slite og måtte vølas.

Klær vart sydd av ty ein hadde spunne og vove av eigen ull og både klær og sko var av godt materiale og varte i årevis.

Då pengehushaldet byrja var det mjølka og med den smøret som for or huset.

Mjølka vart seld til byane, rundt i husene, til forretningar som malte ut til huslydane og seinare til meieriane som selde søt mjølk kinna smør og ysta noko av skummamjølka og restane vart heimsend og vart bruka i hushaldet og kalveopdrett med vidare.

Så vart heimelaga klær for simple, ulla vart seld

Kjøpeby mælte til og
skræddere frå byen gjorde
arbeidet og pengane vart
üdrygge og ville ikkje strekja lie

# Lått og løie.

**HJERTELIG TAKK**
til alle som kom på meg på min 70 års dag.
**Bertha Hetland.**

Dalane Tidende
11-8-1967.

Rasmus R. Osland frå Bjerkreim var med på utskiftningen på Slettebø 1845. Rasmus og sonen var på ein utslåtteteig og slo og sonen var uheppen og steinhogde, d. v. s. han traf ein stein med ljåen og i farten slap han ör seg en ei e. l. Gamlingen haurde det og sa Guds nabn må du ikkji ta forfengeleg troe; men fan og satan kan du seie for han er fille til å slita på.

Börge Lie frå Nedstrand
hadde vore med som lagrette
mann på en utskiftning
saman med en yngre mann
Etter at dei nye grenser
var påviste sa en av lodd
eigarane ei enkja som
var misnøgd med det som
var jort til den yngste av
mennene at han var ung
og ho venta ikkje så mykje
av han men du Börge
hadde eg venta noko anna
av etter alle dei gongene
du kyste meg bak löeveggen
heime.

Bernt Torneskog frå Sokndal
sa at ein burde altid ha med
seg en tom pose. Kryp der ikkje
noko i han så kryp der ikkje, noko

Vedrörende Hodnesfossen

Utskrift av Eigersund herredstyres möteprotokol.
Aar 1926 den 22de desbr. avholdtes herredstyremöte. Samtlige medlemmer tilstede ümtagen Peter Mjölhus i hvis sted varamannen Johan Kvalbein mötte.
Da behandledes:
Sak no 98 Kjöp av Slettebö og Mjölhusfossen.
Ingeniör Tvedten hadde varet og seet på fossen og var kommet med med overslag til ütbygning av denne. Opsidderne på Slettebö og Mjölhus når unntas to mann hadde

håndgit fossen for kr 20000,-
-tyve tusen - til utgangen av 1926
Denne håndgivelse hadde
det ikke været mulig å
få fornyet og formannskapet
hadde derfor tatt op arbeidet
for å kjöpe fossen så man
kunne få den ad frivillig vei.
E. verkets styre foreslår
enst. at fossen kjöpes for 20000,
Formannskapet vil uttale:
Slettebö og Mjölhusfossen er
nu den eneste fos: innen
herredet som på grunn
av sin beliggenhet og andre
årsaker kan tenkes an-
vendt som kraftkilde
for herredet og da man
for eftertiden vanskelig
vil kunne få kjöpe fossen

ad frivillig vi forestår
formannskapet på trods
av de pinaktige tider
og fuldt opmerksom på
kommunens økonomiske
stilling at herredstyret
fatter følgende beslutning.
1 Under forbehold av depar-
tementets approbasion
kjøper Eigersund herred
Slettebø og Mjølhusfossen
for 20 000.- - tyve tusen -
2 Under forbehold av depar
tementets approbasion
dekkes kjøpesummen ved
å tage kr. 20 000.- av det
til gamlehjem avsatte beløp
Formannskapets forslag
vedtoges med 11 mot 5 st.
De fem var Leidland

Såstad, Hovland, Eckberg og Koldal som stemte for et forslag av Såstad om ikke at kjöpe fossen.

Fordeling av belöpet kr 10000.— for Slettebö.

Hans O. Slettebo 1/4 kr 2500.—
Jonas Svindland 3/16 " 1875.—
Edith Økrevad 3/16 1875.—
Gustav Slettevo 1/8 1250.—
Mikal O. Slettebö 1/8 1250.—
Osmund O. Slettebö 1/8 1250.—

28 - 12 - 1926

Enig i ovenst fordeling.

H. O. Slettebö. Osm. O. ved H. O.
J. Svinland. Edeth Økrevad ved Anna Ø. Gustav M Slettebö
Mikal O. Slettebö.

Utskrift
av pantebok 38 pag 47 for
Dalane sorenskriverembede
forsåvidt angår det under
18de mars 1932 tinglyste
Auksionsskjøte.
Efter forlangende av
lensmannen i Eigersund
holdtes den 5te januar 1931
for skyldig gardsskat tvangs-
auksion over gr. nr 40 br nr.
29 Hodnesfossen av Mjölhus
i Eigersund herred av skyldm
1, 28. Et av Eigersund herred
avgit bud kr. 20000 blev antatt
og er stadfestet den 6te mars
1931. Fra lensmannen i Eigersund
foreligger erklæring om at
auksionsvilkårene er opfyldt.

Ti meddeles herved Eigersund herred hjemmel på nevnte eiendom.
I henhold til nevnte skriv fra Finansdepartementet av 29de januar 1930 og fra Justisdep. av 18de mars 1930 beregnes stempelavgiften og tinglesningsgebyr alene for de andelers vedkommende på grunn av hvilke auksjonen holdes. Kr 3750.
Herfor til statskassen Kr 10, - ti kroner.
Dalane namsrett
16de mars 1932
Gabriel Norheim.

Mjölhus opsiddere fordelte sin del etter spanskylden

| | | | |
|---|---|---|---|
| Magnus Melhus | 6 | sp. | k 1250 |
| Gabriel Tönnesen | " | " | · 1250 |
| Bernt Jakobsen | 9 | " | · 1875 |
| Tor Torsen | 3 | " | · 625 |
| Mikal Andersen | 7½ | " | 1562 |
| O. A. Hytland | 7½ | | · 1562 |
| Peter Theodorsen | 4½ | | · 937.- |
| Theodor Omundsen | 4½ | | · 937.- |

Fordelingen vedtat 28 - 12 - 1926. Underskrevet av Peter Th. Melhus Thedor O. ved Peter T. Tor T. Melhus. Bernt J. do. Magnus Melhus, Gabriel Melhus O. A. Hytland m.p.p Mikal A. Melhus.

# Utskrift

av pantebok 35 pag. 212 for Dalane sorenskriverembede forsåvidt angår den unner 11te januar 1929 tinglyste

## Skylddelingsforretning.

Aar 1928 den 15de september avholdt unnertegnede av lensmannen opnevnte menn, skylddelingsforretning over gården Mjolhus gr no. 40 i Eigersund herred

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Br | no 11 | sk. | 0.98 | mk | Peter T. Mjolhus |
| " | " | 9 | 0.64 | " | Theodor O. " |
| " | " | 22 | 0.20 | " | Andreas Hytland |
| " | " | 20 | 0.20 | " | Gabriel Melhus |
| " | " | 7 | 0.52 | " | Tor T. " |
| " | " | 2 | 1.74 | " | Magnus " |
| " | " | 3 | 2.55 | " | Bernt J. " |
| " | " | 1 | 1.89 | " | Mikal R. " |

og over Slettebö gr no 45 i Eigersund
Br no 2 mk. 2.75 Edith Arnevad
" - 34 " 3.66 Jonas Sandstand
" - 1 " 3.72 Hans O. Slettebö
" - 17 " 2.98 Ommund O. -"-
" - 13 " 2.81 Gustav -"-
" 15 " 2.81 Mikal O. Slettebö
ianledning av at den så
kalte Hodnesfossen der ligger
i fellesskap er solgt til
Eigersund herreds kommune
Mennsopn. vedlegges. Av mennene
var samtlige avlakt ed som
skjönsmenn.
Ved forretningen mötte
samtlige eiere der var enige
i at den utskilte del gis
et bruksnummer. Desuten
mötte ordföreren Trygve Eie.
Mennene valgte til form H. Ogland

Den fraskildte del av gårdene
er et vasdrag der begynner
fra og med Hodnesvannet
og nedover til elvens utlöp
i Slettebövannet, og er ihenhold
til kjöpekontrakt mellem
selger og kjöper, bestemt til
at utbygges til Kraftstasion
for elektrisitetsverket.
I salget er innbefattet
alle vandrettigheter i
ovennevnte vasdrag.
Skylden for den fraskildte
del blev bestemt til mk. 1.28
Hovedbrukets gjenværende skyld
Mjölhus br. no 11, mk 0,92 Peter T.
br. nr 9 - - 0.58 Theodor O
- - 22 - 0.10 Andr. Hytland
- - 20 - 0.10 Gabriel M
- - 7 - 0.48 Tor T. Mölhus

Br. no 2 mk. 1.66 Magnus M.
" - 3 - 2,43 Bernt J.
" - 1 - 1,79 Mikal A.

Slettebø gr. no 45

Gr. no 2 mk. 2,63 Edith Økonom
Br. no 34 -.. 3.54 Jonas Tornland
-. - 1 - 3,56 Hans O.
" 17 - 2.90 Ommund O
- - 13 - 2.73 Gustav M.
-- 15 - 2.73 Mikal O.

Den fraskildte del er gitt bruksnavn Hodnefossen. Omkostningene ved forretningens avholdelse bæres av kjøperen

H. Øgland Reinert S. Egå
R. Hovland.

Antat til tinglysning
9-1-1929. Norheim.

Den utskildte parcel har fått br. no 29 av Mjølhus Gr no 40.

Unnerskrevne som har saumfare denne skulle deling vil her koma med nokre merknader:
Dei grunneigarar på Mjølhus som selde og 28/12 1926 fordelte salgssumen var: Magnus, Gabriel, Bernt Tor Mikael, Peter og Theodor Mjølhus samt O. A. Hylland Fordelte etter spann-skulda. (Sjå foran)
Seljarane på Slettebø som fordelte beløpet etter gammel sedvane med 16de parter samme dag var Hans O. Omvind ved H. O. Jonas Svindland Edith Oxnevad ved mora Gustav M og Ole M. Slettebø.

Då skilddelinga vart fyreteken
13/4 åv sumre vantar
mensopnevninga 2 bruk på
Mjølhus nemleg br. no
som truleg då var selda
til han som no eig bruket
medan seljaren kom sat
att med et frådelt bruk
med skuld 20 øyre og
som hadde br. nr 20
Det var vistnok en skogteig
som seinare vart kjøpt
av Torvald Mjølhus.
Det andra bruk som
lensmannen hev utelete
på opnevninga er br. no
som og har att ut mind.
br. no 22 av skuld 0,20 øyre
som seljaren sat att med.
No har skulddelingsmennene

(etter beste skjøn) funne at
10 øyre måtte gå av for
kvar av desse bruka men
då dei ikkje hadde hovedbruka ~~[illegible]~~
med på opnevninga så
har dei likavel trekt det
heile av på dei utskildte
småbruka og hovedbøllenes
skuld skend det same som før
Båe småbruka har no ei
skuld på 10 øyre kvar.
Eg meinar seljarane
må gå til retten og få
denne skulddeling omstøyt
då der er innleke kontrakts
forhold som ein meinar
ikkje er rette og som eg
skal nemna noko om
seinare. Som grunn for
omstøyting finn eg
./.

I I skulddelinga står
„I forretningen mötte
samtlige eiere"
Ingen av de 3 nålevane
av seljarane kan minnast
å ha motteke noko varsel
om skulddelinga og har
heller ikkje mött på denne
Ingen har vist om ~~at~~
at skylddeling er avholdt
for nå da eigaran av
fossetr, med stötte i skulde.,
meiner dei eig et stryg,
omlag 3 m. fallhögd, nedanfor
Kvernafalla av dei Mjolhus
som av ingeniörane Tvedten
og Fr. Jakobsen var påpekt
som sted for kraftst.
Endvidere er innbefattet
„alle vandrettigheter" og med

dette meiner de at fisket
også tilhörer Kjöperne
vaklet ordf. Trygve Eie
unner tingingen
vitnefast (Om. O.) erklærte
at fisket ikke vare
med i handelen da kjö-
perne ingen interesse
hadde av dette
Etter mi meining var
det om å gjera å få
sit bruksnr. på fossen
og så er det ikke tatt
de turvane omsyn korkje
av ordf. eller skulddelings
nemnd som loven fyreskriv
Det er ganske vist ikke
gjort i nokon vond meining
Truleg vil lensmannens
feil ved ikkje å medta

samtlege seljarar så skulda ikkje er rett avtrekt og serleg at seljarane ikkje fekk lovleg varsel og ikkje møtte til forretninga vore grunn nok til å få skulddelinga erklært ugyldig.

Seljarane held seg til handgivelsen og kjøpekontrakta, om ho er unnerskreven av seljarane, som klårt vil syna det som er seld og ikkje ei skulddeling som ikkje skal ha noko av kontraktsforhold teke med.

Seljarane rekna sjølvsakt med at Kraftstasjon vart å byggja på den stad som dei to sakkunnige, ing.

Tr. Jakobsen og Fylkesingeniör Abel Tveiten, som heradstyret hadde rådspurd, hadde funnet som den rette og ikkje at vatnet i tunnel vart nytta ein annen stad.

Det må verta omsnakket seinare, i samråd med sakföreren som elveeigarlaget har tilsett, om der skal protesteres mot dette eller ei.

Hodnesfossen, har sålangt tilbake som eg kan minnast, vore kalla vannfallet frå Hodnesvatnet og til Kjerjaneshölen der Slettebögardane hadde ålkjerene sine.
Strykit frå nevnte höl og til Slettebövatnet har ikke hatt noko namn meg bekjendt.

Der dei Mjölhus hadde
kvednane sine er det einaste
stad som der er noko meining
i å leggja en kraftstasion
og her var det han skulle
liggja då dei to gardane
tenkte på eit privat verk.
I 1916 valde heradstyret
ei nevnd på 5 mann som
skulle röykja etter om der
i heradet er fossar som
kunne höva til et eige verk
Eg er den einaste som lever
at av dei 5. Me tok dip-
loming. seinare professor
Fredrik Jakobsen som sak-
kunnig rådgjevar.
Saman med den sakkun
nige såg me gjen 4 fossar
~~men~~ han festa seg ved

Hodnesfossen med Kraftstasion liggjane der dei Mjolhus hadde kvednane sine. Jakobsen rådde helst til å kjöpa kraft frå byen og soleis vart det. Tanken om eige verk kom opatt og heradstyret, som hadde fossen på hand til utgangen av 1926, hadde hatt fylkesingeniör Abel Tvedten til å sja över og kostnadrekna bygning av Kraftstasion, og planane hans var heilt i samsvar med professor Fr. Jakobsens sine i 1916.

Det vesle stryk nedanfor den planlagde Kraftstasion og Slettebövatnet, ca 3 m. fallhögd, hadde kjöparne

ingen interesse av å ha
med i handelen då det
var heilt utenkeleg å
leggja kraftstasjon ved
Slettebövatnet og eierne ikke
heller interessert i salg.
Særleg for mitt vedkommende
var salg av dette
strigt utenkeleg då eg i
åra 1915 - 18 hadde tilplanta
et stykke av utmarka
med furu og gran.
Fylkesskogm. Smith påpekte
under befaring av
feltet den store fordel det
hadde ved at det lå til
elv så sommeret når
det vart hogbart, kunne
fløitast fram til kjøyreveg

Eg kan gjenta at seljarane då forhandling om brand- gjevin og sal föregjik bestemt hevda fisket i vas- draget var überört av salget og kunne av eierne drives som som för. Dette vart ikkje sakt noko imot

Dette som eg nå hev skreve ned har eg gjört avdi eg er den eldste i krinsen og er sterkt interes- sera i at eigarane på dei to gardane sine rettigheter kan verta verna om. Ta gå rettens veg er kostbart men kan vera nödvendig for å hevda sin rett. Når kommunen

til denne store og dyre
utbygging av Kraftverket,
som eg forövrig meinar
er eit mistak, så bör
partane forsöka å koma
til ei semja om noke
som vil ha varane verd
for både Kommunen og
for E-verket og for opsitjarane
på Slettebö og Mjölhus
eg meiner fyrst og framst
Senking av Slettebovåno.

Slettebó 19de mai
1967
H. O. Slettebö.